



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 5. mai 2025

Sak 2024/1758 - Velledalen og Ringen F L - org.nr. 984 080 611 - klage over vedtak om avslag på søknad om førehandsgodkjenning som ikkje-fortenestebasert organisasjon

Lotterinemnda sine medlemmar: Leiari Martin Hennig, og medlemanne Renate Kristiansen og Joachim Amundsen Trana

Bakgrunnen for saka

- (1) Velledalen og Ringen F L (klagar) søkte 14. mars 2024 om førehandsgodkjenning som ikkje-fortenestebasert organisasjon.
- (2) Lotteritilsynet avslo søknaden 12. juni 2024, med den grunngivinga at organisasjonen i all hovudsak tilbyr hobby- og fritidsaktivitetar for vaksne. Tilsynet har vist til at klagar ifølgje søknaden har ein medlemsmasse på ti medlemmar, og at ingen av desse er under 18 år. Vidare har tilsynet vist til at det på heimesidene til Norges Fotballforbund går fram at klubben har 41 spelarar, og at alle desse er over 18 år. Uavhengig av medlemstalet som ein legg til grunn vurderer tilsynet at klagar tilbyr hobby- og fritidsaktivitetar for vaksne.
- (3) Velledalen og Ringen F L klagar på vedtaket 21. juni 2024. Klagar gjer gjeldande at organisasjonen har ei fotballbane av naturgras som mellom seks og sju fotballag nytta til både trening og kampar kvar veke. Desse laga utgjer om lag 70 til 80 barn frå ein alder av sju år og oppover, som driv organisert aktivitet kvar veke. Laga er spesielt interesserte i å trenere på bana til klagar ettersom dei der har god plass og lite forstyrningar for barna. Det vert framheva at bana må halda til ved like sidan det er viktig for barn, ungdom og vaksne å trenere på naturgras. I tillegg til fotballen, er det også andre barn og vaksne som driv med fleire ulike aktivitetar på bana. Det vises elles til klagen i sin heilskap.
- (4) Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket og sende over klagen med innstilling 14. november 2024 til Lotterinemnda for behandling.

Det rettslege grunnlaget

- (5) Det rettslege grunnlaget er lov 18. mars 2022 nr. 12 om pengespill (pengespilloven) og forskrift 17. november 2022 nr. 1978 om pengespill (pengespillforskriften).
- (6) Lotteritilsynet kan gi ikkje-fortenestebaserte organisasjonar løyve til å tilby pengespel, jf. pengespilloven § 18. Overskotet frå pengespela kan ikkje finansiere fritidsaktivitetar for vaksne, jf. pengespilloven § 19.

Postadresse:

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse:

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Telefon:

+47 55 19 30 00

- (7) Det følgjer av pengespillforskriften § 38 tredje ledd at organisasjonar som har verksemd som utgjer hobby- eller fritidsaktivitetar for vaksne, ikkje kan godkjennast. Organisasjonar som også har ein vesentleg del av verksemda retta mot barn og unge under 18 år, kan likevel godkjennast for den delen av verksemda.
- (8) Av forvaltningsloven § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg det at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, sakshandsaminga, faktum og det frie skjønn. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

- (9) Klagen til Velledalen og Ringen F L gjeld vedtaket til Lotteritilsynet 12. juni 2024 om avslag på søknad om førehandsgodkjenning som ikkje-fortenestebasert organisasjon.
- (10) Overskotet frå pengespela skal ikkje finansiere fritidsaktivitetar for vaksne, jf. pengespilloven § 19. Det følgjer av pengespillforskriften § 38 tredje ledd første setning at organisasjonar som har verksemd som utgjer hobby- eller fritidsaktivitetar for vaksne, ikkje kan førehandsgodkjennast. Organisasjonar som også har ein vesentleg del av verksemda retta mot barn og unge under 18 år, kan likevel godkjennast for den delen av verksemda.
- (11) Det følgjer av Prop. 2020 L (2020-2021) punkt 14.4.2.3 at kravet i pengespilloven § 19 om at overskotet ikkje skal finansiere fritidsaktivitetar for vaksne, inneber at idrettslag, kor, korps, og sosiale samlingsplassar som rettar sin aktivitet mot vaksne ikkje vil få løyve til å tilby pengespel. Dette gjeld sjølv om organisasjonen er ikkje-fortenestebasert og har monaleg frivillig aktivitet.
- (12) Føremålet til klager er å drive idrett organisert i Norges Idrettsforbund, jf. vedtekten § 1. Samtidig tilseier dokumenta i saka at verksemda til klagar hovudsakleg er drift og vedlikehald av grasbanen Slettegjerde, og at klagar ikkje lenger driv med fotball eller annan organisert idrett. Lotteritilsynet har lagt til grunn at klagar har 41 spelarar, ut i frå opplysningar på heimesidene til NFF. På nåverande tidspunkt er det derimot oppgitt på heimesidene til NFF at klagar ikkje har nokon spelarar. Dette stemmer med opplysningane klagar har gitt i søknaden og årsmeldinga for 2023. Bana klagar leiger ut vert mellom anna brukt av fotballag, barnehagar, og til trening av redningshundar. Klagar leiger ut bana til leidgetakrar og får leigeinntekter for dette, noko dei ifølgje rekneskapen tente 60 453 kronar på i 2023. Klagar driv også kiosken som tilhører bana.
- (13) Lotteritilsynet har grunngitt avslaget med at klagar i all hovudsak tilbyr hobby- eller fritidsaktivitetar for vaksne. Lotterinemnda legg til grunn at drift, vedlikehald og utleige av ei fotballbane ikkje i seg sjølv kan reknast som hobby- og fritidsaktivitetar for vaksne. Nemnda kan heller ikkje sjå at klagar har andre aktivitetar eller arrangement som kan reknast som hobby- eller fritidsaktivitetar for vaksne. Dersom tilsynet meiner at organisasjonar som berre legg til rette for at personar kan utøve sine hobby- eller fritidsaktivitetar fell inn under pengespillforskriften § 38 tredje ledd første setning, må tilsynet grunngi dette nærmare. Slik nemnda forstår det er pengespillforskriften § 38 tredje ledd hovudsakeleg meint å ramme organisasjonar som har som føremål å vere ein sosial samlingsplass eller eit reint fritidstilbod for vaksne, jf. Prop. 220 (2020-2021) punkt 14.4.2.4. Nemnda legg etter dette til grunn at tilsynet ikkje i tilstrekkeleg grad har grunngitt kvifor tilsynet har vurdert at klagar si verksemd fell inn under pengespillforskriften § 38 tredje ledd første setning.

- (14) Lotterinemnda har derfor kome til at vedtaket til Lotteritilsynet opphevast og sendast tilbake til tilsynet for ny behandling. Nemnda framhevar at nemnda ikkje har tatt stilling til om dei andre vilkåra for førehandsgodkjenning i pengespillforskriften § 38 er oppfylte.

Konklusjon

- (15) Lotterinemnda finn etter ei konkret vurdering av opplysingane i saka at vedtaket til Lotteritilsynet opphevast, og at saken sendast tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

Vedtak

Vedtaket til Lotteritilsynet 12. juni 2024 opphevast. Saka sendast tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur